



Den Norske Kyrkja
Bjerkreim
Postboks 38
4389 Vikeså

Dato 13.09.2010
Arkiv 149/10-000
Saksbeh ae

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8004, Dep
0030 OSLO

FORNYINGS-, ADMINISTRASJONS-
OG KIRKEDEPARTEMENTET

15 SEPT 2010

SAKSNR: 2010 0 1734-116

Høring - endringar i gravferdslov og kyrkjelov.

Bjerkreim sokneråd (eit-sokns kommune) handsama overnemnde høring på soknerådsmøtet 09.09.2010. Soknerådet vedtok å koma med fylgjande uttale:

Bjerkreim sokneråd sluttar seg til dei fleste forslaga til endring av gravferdslov og kyrkjelov, men vil peika på fylgjande:

Nemninga bør endrast frå gravlund til gravplass. Ordet "gravlund" er framand i "bygdenoreg". Tittel på gravferdslova bør endrast til Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd. Alle føreslåtte endringar frå kyrkjegard til gravlund, bør endrast til gravplass.

Forslaget om endring i gravferdslova § 5 om vigsling av gravplass, meiner soknerådet ikkje er nødvendig. Det er viktig å ta vare på minoritetane, men i vår kommunen ønskjer 99,9% kristen gravferd. Dei må også takast omsyn til. Ein vil heller føreslå at delar av ein gravplass ut frå lokale omsyn, ikkje vert vigsla. Storparten av folket i landet vårt ynskjer kristen gravferd.

Soknerådet i Bjerkreim ynskjer ikkje at § 12 i gravferdslova vert endra (fristane for gravlegging), men at det heller vert gjeve dispensasjon i spesielle høve.

Soknerådet i Bjerkreim meiner årleg møte med trus- og livssynsamfunn i utgangspunktet er positivt, men behovet for slikt møte må vurderast ut frå lokale tilhøve. Ikkje alle sokn har andre registrerte trus- og livssynsamfunn.

Krav om medlemskap i DnK for lærarar ved teologiske fakultet, vert oppretthalde. Personar som er høyringsinstans og har så stor innverknad i DnK, bør vera medlem.

Med helsing


Arnfrid Espeland

kyrkjeverje